




FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Kommunikasjonsplan for fjellskredberedskap

Felles delplan for alle aktørar med beredskapsansvar for fjellskred



FORORD

Ved ei fjellskredhending vil god kommunikasjon vere avgjerande både før, under og etter hendinga. Det er mange etatar som har ei rolle, og denne planen skal på ein oversiktleg måte fastsette korleis dei involverte aktørane skal etablere ein godt samordna kommunikasjonsberedskap. Planen rokkar ikkje ved aktørane sitt ansvar for å produsere og distribuere informasjon for eige ansvarsområde, men skal legge til rette for at dei ulike etatane sine kommunikasjonsressursar finn kvarandre og er godt koordinert.

Planen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med representantar frå Fylkesmannen, Politiet, kommunane, NVE, Statens Vegvesen, Kystverket og Helse M&R. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*», der dei same aktørane er representerte, har gjort ein revisjon etter Øving Åknes 2016.

INNHOLD

Forord.....	1
1 Innleiing	3
1.1 Mål med planen.....	3
1.2 Samanhengen mellom farenivå og beredskapstiltak	5
2 Ansvar og roller.....	6
3 Organisering	8
4 Oppgåver.....	9
4.1 Normal situasjon – grøn beredskap.....	10
4.2 Heva farenivå – gul, oransje og raud beredskap	10
4.3 Evaluering	11

Vedlegg


- I. Funksjonsplan - kommunikasjonsgruppe for fjellskred
- II. Oversikt over aktuelle og relevante formidlingskanalar

1 INNLEIING

Beredskapen mot fjellskred bygger på overvaking av ustabile fjellparti, tidleg varsling og evakuering av førehandsdefinerte faresoner. «*Nasjonal beredskapsplan for fjellskred*» er overordna forankring for beredskapen, og legg føringerar for utarbeiding av objektplanar for kvart høgrisikoobjekt. Mellom anna skal objektplanen innehalde ein kommunikasjonsplan.

For dei tre høgrisikoobjekta i Møre og Romsdal; Åkneset, Hegguraksla og Mannen, er det utarbeidd objektplanar som etablerer felles ramme for beredskapen knytt til fjellskredfare. Dette omfattar risiko- og sårbarheitsanalysar, klargjering av kva aktørar som inngår i beredskapen, og ansvar- og arbeidsdelinga mellom desse. Objektplanane gir føringerar for alle fasar frå beredskapsplanlegging til krisehandtering.

«*Kommunikasjonsplan for fjellskredberedskap*» er ein delplan til dei tre objektplanane for Åkneset, Hegguraksla og Mannen.



Figur 1. Objektplanar for høgrisikoobjekta i Møre og Romsdal.

1.1 MÅL MED PLANEN

«*Kommunikasjonsplan for fjellskred*» har tre hovudmål:

- Fastsette planleggingsgrunnlaget for kommunikasjon for relevante aktørar
- Skildre rutinar for samhandling og samordning for kommunikasjon¹
- Vere ein konkret plan for etablering og drift av ei kommunikasjonsgruppe²


Planen skal fungere som felles planføresetnad, og sikre lik forståing mellom aktørane.

¹ *Nasjonal beredskapsplan for fjellskred* kap. 2.4, s.10)

² *Nasjonal beredskapsplan for fjellskred* kap.4.3, s.24)

Kommunikasjonsplan for fjellskredberedskap


Med «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» meiner vi eit arbeidsfellesskap/fagnettverk knytt til kommunikasjonsarbeidet i samband med fjellskred. Eit fagnettverk kjenner kvarandre, og vil lettare finne kvarandre i ei krise. Vidare har fagnettverk kjennskap til kvarandre sine kapasitetar, ressursar og verktøy. Det føreligg òg ein intensjon om at eit fagnettverk kan hjelpe kvarandre i ei krise, teknisk og/eller kommunikasjonsfagleg.



Figur 2. Hierarki for beredskapsplanar for fjellskred. Henta frå Nasjonal beredskapsplan for fjellskred (NVE Rapport 44-2015).

1.2 SAMANHENGEN MELLOM FARENIVÅ OG BEREDSKAPSTILTAK

I beredskapen mot fjellskred er alle tiltak planlagde ut frå fire beredskapsnivå (grøn, gul, oransje og raud). Beredskapsnivåa følgjer dei førehandsdefinerte farenivåa for skred frå lav, moderat, høg og til ekstrem fare. Farenivåa er uttrykk for den geologiske situasjonen og aukande sannsyn for eit skred i nær framtid, og gradvis kortare tid til eit eventuelt skred. Endringar i farenivå vert fastsette og varsla av NVE.



Figur 3. Skjematisk framstilling av forventa utvikling av eit fjellskred

Alle aktørar skal sette i verk tiltak ut frå gjeldande beredskapsnivå, og Fylkesmannen har ansvar for å samordne aktivitetane. Tabell 1 viser samanhengen mellom farenivå og beredskapstiltak på alle område. Objektplanane utfyller desse.

Tabell 1. Samanhengen mellom farenivå og beredskapstiltak

Geologisk situasjon	Farenivå	Beredskapsnivå	Beredskapstiltak
Stabil bevegelse	Lav fare	Grøn beredskap	<ul style="list-style-type: none"> • Overvaking • Planlegging • Øving
Økt bevegelse, utover sesongvariasjon	Moderat fare	Gul beredskap	<ul style="list-style-type: none"> • Intensivert overvaking • Gjennomgang av planverk • Aktivering av samordningsfora • Forberede komplekse tiltak • Informasjonstiltak
Akselererande bevegelse	Høg fare	Oransje beredskap	<ul style="list-style-type: none"> • Intensivert beredskap • Flytting av sårbare objekt • Reduksjon av aktivitet og ferdsel
Skred nær føreståande	Ekstrem fare	Raud beredskap	<ul style="list-style-type: none"> • Evakuering • Redning
Skred har gått, kan gå igjen			<ul style="list-style-type: none"> • Oppretthalde evakuering • Re etablering av overvaking
Ingen eller liten fare for skred	Lav fare	Grøn beredskap	<ul style="list-style-type: none"> • Normalisering

2 ANSVAR OG ROLLER

Beredskapen mot fjellskred er i samsvar med dei grunnleggjande prinsippa for beredskap og krisehandtering:

- **Ansvarsprinsippet** – den etat som har ansvar for eit fagområde i normalsituasjon, har òg ansvar for å handtere ekstraordinære hendingar på området.
- **Liksapsprinsippet** – den organisasjonen ein opererer med under ekstraordinære hendingar skal vere mest mogleg lik den organisasjon ein har til dagleg.
- **Nærleiksprinsippet** – ekstraordinære hendingar skal handterast på lègst mogleg organisasjonsnivå.
- **Samvirkeprinsippet** – den enkelte myndigkeit, verksemd eller etat har eit sjølvstendig ansvar for å trygge eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.


Ein rekke aktørar har ansvar og oppgåver knytt til beredskap mot fjellskred. Aktørane er delt i to grupper; hovudaktørar og andre aktørar. Inndelinga er ikkje hierarkisk, men synleggjer dei aktørane som har hovudansvar for overvaking, varsling, aksjonsleiing og/eller samordning. Dette er definert i objektplanane, og er illustrert i figur 4.

Alle aktørar har ansvar for å produsere og distribuere informasjon for eige ansvarsområde.

- ✓ **Kommunen:** Informerer innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen om situasjonen, kva kommunen gjer og kva innbyggjarane skal gjere.
- ✓ **NVE:** Informerer om den geologiske situasjonen, farenivå, overvaking og tiltak.
- ✓ **Politiet:** Informerer om Politiet sitt arbeid, og korleis dei vurderer situasjonen.
- ✓ **Fylkesmannen:** Informerer om Fylkesmannen sitt arbeid, fylkesberedskapsrådet sine avgjersler og det felles situasjonsbiletet.
- ✓ **Andre aktørar** informerer om tiltak og status innanfor eige ansvarsområde.

Fylkesmannen skal med utgangspunkt i samordningsansvaret legge til rette for at informasjon er samordna og tilgjengeleg for alle aktørane. Dette krev at alle aktørane bidreg i fellesskapet og at ein legg vekt på samvirkeprinsippet i handteringa av eige ansvar. «Felleslogg» er eit viktig verktøy for informasjonsutveksling mellom aktørane.

Kommunikasjonsplan for fjellskredberedskap



Figur 4. Hovedaktørane sitt ansvar og avgjerdss prosessar ved fjellskred. Gul boks = samordningsansvar. Henta frå nasjonal beredskapsplan for fjellskred.

3 ORGANISERING


For å sikre at aktørane har eit godt grunnlag for kommunikasjonsarbeidet er det etablert ei «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*». Denne er satt saman av kommunikasjonsmedarbeidarar frå kommunar og fagetatar.

«*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» er ei arbeidsgruppe/fagnettverk, der medlemmane representerer sin organisasjon inn i eit fellesskap. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» tek ikkje over den enkelte aktør sitt ansvar eller oppgåve, og endrar ikkje på den enkelte medarbeidars rolle og mynde i eigen organisasjon. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» skal bidra til at eit koordinert og samordna bodskap når ut til publikum. Gruppa er difor først og fremst ein støttefunksjon for aktørane sitt kommunikasjonsarbeid, men er òg ein arena for distribusjon og presentasjon av fellesinformasjon³.

Ved auka farenivå skal «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» sine oppgåver og organisering forankrast i fylkesberedskapsrådet. Fylkesmannen har ansvar for å kalle saman og leie gruppa, fram til ev. anna organisering vert avtalt.

«*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» skal tilpassast ut frå behov.

³ Til dømes felles planverk, bodskapsplattform, førehandsprodusert informasjon, kontaktinformasjon som pårørande telefon osb.



Figur 5. Kommunikasjonskartet viser aktørar som har interesser i eit fjellskredscenario, synleggjer relasjonar, og kven gruppa skal kommunisere med.

4 OPPGÅVER

«Kommunikasjonsgruppe for fjellskred» har følgjande hovudoppgåver:

- Samle, legge til rette og koordinere informasjon for aktørane og publikum
- Etablere eit mediesenter
- Handtere media og informasjon til/frå eit mediesenter, administrasjon av poolordningar og akkreditering etter behov.

Statusrapportering og anna informasjonsutveksling mellom aktørane om krisehandteringa skal handterast i tråd med objektplanane av det operative nivået i organisasjonane, og er ikkje ein del av «kommunikasjonsgruppen for fjellskred» sine oppgåver.

Det er lagt til grunn at vertskommunen stiller personellressursar til disposisjon for praktiske oppgåver i mediesenteret.

Det vil vere dei respektive organisasjonane sine talspersonar som uttalar seg til media.

«Kommunikasjonsgruppen for fjellskred» er etablert, møtast og har oppgåver også i ein normalsituasjon. Arbeidsform og oppgåver endrast ved auka farenivå. Nedanfor følgjer ei oversikt over kva

«*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» gjer i ein normalsituasjon (grøn beredskap), og ved auka beredskap (gul, oransje og raud beredskap).

4.1 NORMAL SITUASJON – GRØN BEREDSKAP

I normalsituasjon er «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» etablert som eit fagnettverk, der kommunikasjonsmedarbeidarar hos hovudaktørane i fellesskap under leiing av Fylkesmannen gjer følgjande:

- i. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» møtast årleg til erfaringsutveksling, gjensidig oppdatering og vidareutvikling av planverk og kommunikasjonsarbeid.
- ii. Kvart fjerde år skal «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» revidere kommunikasjonsplanen.
- iii. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» har ansvar for å utvikle og vedlikehalde ein gjeldande bodskapsplattform knytt til beredskapen mot fjellskred for kvart høgrisikoobjekt. Bodskapsplattformane oppdaterast årleg og elles ved behov.
- iv. Førehandsprodusert stoff og informasjon om risikoen for store fjellskred skal til ei kvar tid vere oppdatert og ligge samla på norsk og delvis på engelsk på Fylkesmannen sine heimesider. Denne kan andre aktørar lenke til. Her skal ein også finne kontaktinformasjon til sentrale aktørar i beredskapen med lenker til relevante web-sider. Kvar aktør har ansvar for oppdatert informasjon om sitt fagfelt.
- v. Medlemmane i «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» skal halde kvarandre orientert om vesentlege kommunikasjonstiltak knytt til handtering av risikoen for fjellskred. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» skal legge til rette for publisering av nyhende, pressemeldingar eller gjennomføring av pressekonferansar om det er behov for felles kommunikasjonstiltak. I tillegg har alle som er med i gruppa ansvar for å halde kvarandre oppdatert om tilsvarande tiltak i eigen organisasjon. (Intern informasjon i eigen organisasjon er kvar aktør sitt ansvar. Det er viktig, og må handterast på linje med ekstern informasjon).
- vi. For å legge til rette for effektiv deling av informasjon mellom dei ulike aktørane er det laga ein «*felleslogg*» i DSB-CIM. Fylkesmannen har ansvar for administrasjon og vedlikehald av ein «*felleslogg*».

4.2 HEVA FARENIVÅ – GUL, ORANSJE OG RAUD BEREDSKAP

Ved heva farenivå skal oppgåver og organisering av «*kommunikasjonsgruppe for fjellskred*» forankrast i fylkesberedskapsrådet (FBR). Fylkesmannen leiar gruppa og kallar inn til møte.

- i. Konstituering av «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*».
- ii. Informasjons- og mediesenter blir etablert ved behov. Ved behov for fysisk samlokalisering skal gruppa vere i NVE sine lokale på Stranda og etablere mediesenter på Stranda vidaregåande skule ved heva beredskap for Åkneset eller Hegguraksla. Ved heva beredskap for Mannen skal gruppa og mediesenteret vere i Rauma kulturhus.
- iii. Mediesenteret skal tilby arbeidsplassar og grunnleggande fasilitetar for media: breiband, sanitærfasilitetar og kaffi. Mediesenteret skal også vere arena for pressebriefar, og elles vere ein møteplass for media og aktørane.

- iv. www.kriseinfo.no skal kontaktast, slik at det vert etablert gode rutinar for oppdatering med aktuell informasjon, og med lenker til tilrettelagt fagstoff frå nettstadene til alle relevante aktørar.
- v. Ei fjellskredhending vil få omfattande medieomtale og føre til høg aktivitet i sosiale media. Media vil i stor grad forme det offentlege situasjonsbiletet. Medieovervaking er viktig for å kunne rette opp feilinformasjon, for få ut viktig supplerande informasjon, og for å evaluere eige mediearbeid. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» samarbeider om medieovervaking og rapporterer hovudfunn tilbake til aktørane.
- vi. Kommunane vil informere innbyggjarane og andre i kommunen via eigne nettstader, og eventuelt på sosiale media. Andre aktørar vil også informere via eigne nettstader. I tillegg vil felles informasjon⁴ og oversikt ligge på kriseinfo.no og Fylkesmannen si nettstad.
- vii. Leiar av «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» vil når denne er etablert, delta som observatør i eventuelle møte i Fylkesberedskapsrådet.
- viii. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» vil støtte aktørane med tilrettelegging av pressebriefar ved behov. Det vil alltid vere talspersonar frå aktørane som held pressebriefane, medan «*kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» skal støtte i førebuingane, både med praktisk tilrettelegging og med tilrettelegging av innhald.
- ix. Fjellskredscenarioa vil utløyse ønskje og behov for lokalitetar der media sjølv kan observere objekta, men forbodssoner på land og sjø, og i luftrommet, vil sette grenser for dette. «*Kommunikasjonsgruppa for fjellskred*» vil i samarbeid med aktørane etablere eigna observasjonspunkt for media. Desse vil bli tilrettelagt med oppmerking og tilrådingar, men ingen logistikkfunksjonar. For å gje media ein viss tilgang til område med opphaldsrestriksjonar, vil det ved behov bli etablert ei «poolordning»⁵ der NRK, SMP og TV2 som «poolhavarar» får eksklusiv tilgang til avstengde område, mot at dei gjer foto- og filmopptak tilgjengeleg for anna media («pooldeltakarar»). Dette skal skje i samråd med Politiet.

4.3 EVALUERING

- Etter ei hending eller øving skal handteringa evaluerast for å finne læringspunkt og forbetringar til neste hending. Alle aktørar har ansvar for dette i eigen organisasjon. Fylkesmannen har eit ansvar for å ta initiativ til felles oppfølging og evaluering ved større øvingar/hendingar. «*Kommunikasjonsgruppe for fjellskredberedskap*» har ansvar for å adressere læringspunkt knytt til denne planen, og innarbeide naudsynete forbetringar og justeringar.

VEDLEGG

- I. **Funksjonsplan - kommunikasjonsgruppe for fjellskred**
- II. **Oversikt over aktuelle og relevante formidlingskanalar**

⁴ Til dømes felles planverk, bodskapsplattform, førehandsprodusert informasjon, kontaktinformasjon som pårørande telefon osb.

⁵ Formalisert avtale finst.

